

# Kong Hiskia og den store gledesfesten



**Hiskia er 25 år når han vert konge, og han nøler ikkje med kva han vil gjere.**

-----

**2.Krøn 29:3** *«I det fyrste året av styringstida si, i den fyrste månaden, opna han på nytt dørene til Herrens hus og sette dei i stand».*

## **Hiskia talar til folka sine.**

-----

2.Krøn 29:6 «For fedrane våre har bore seg trulaust åt og gjort det som vondt er i Herren vår Guds auge. Dei har vendt seg frå han. Dei har snudd andletet sitt bort frå Herrens tabernakel og har vendt han ryggen».

**Men dette måtte heile folket få del i, så  
dei sende ut ilbud over heile riket.**

-----

*2.Krøn 30:5 «Derfor vedtok dei å rope  
ut, i heile Israel, frå Be'er-seba til Dan,  
at folk skulle kome og halde  
påskehøgtid for Herren, Israels Gud, i  
Jerusalem. For dei hadde ikkje halde  
henne i samla flokk, slik som det er  
føreskrive».*

# No måtte folket kome, og dei forkynte for folket.

---

*2.Krøn 30:8 «Ver no ikkje like stive i  
nakken som fedrane dykkar var! Gjev  
Herren handa, og kom til heilagdomen  
hans, som han har helga for alle tider.*

*Ten Herren dykkar Gud, så den  
brennande vreiden hans må venda seg  
frå dykk».*

## Dei fleste avviser tilbodet.

-----

*2.Krøn 30:10 «Ilboda drog omkring frå by til by i landet åt Efra'im og Manasse og heilt til Sebulon. Men folk berre lo av dei og håna dei».*

## Nokre få kom frå ulike stader.

-----

2.Krøn 30:11 «*Det var berre nokre få i Aser og Manasse og Sebulon som audmykte seg og kom til Jerusalem*».

## Men Gud var i arbeid.

-----

*2.Krøn 30:12 «I Juda òg var Guds hand  
verksam, så han gav dei det same sinn  
til å gjera det som kongen og  
hovdingane hadde pålagt dei etter  
Herrens ord».*



**Og resultatet vart ei stor forsamling.**

-----

2.Krøn 30:13 «*Det samla seg mykje folk i Jerusalem for å halde usyrdebrødshøgtid i den andre månaden – det vart ei svært stor forsamling*».

## Men kva kjem vi saman for?

-----

2.Krøn 30:14-15 «Først fekk dei bort dei altara som fanst i Jerusalem. Alle røykjelsekara tok dei òg vekk og kasta i Kedron-bekken. <sup>15</sup> Så slakta dei påskelammet på den fjortande dagen i den andre månaden».

**Men ikkje alle hadde forberedt seg slik  
dei burde.**

-----

*2.Krøn 30:18-20 «Men Hiskia bad for dei  
og sa: Herren, som er god, vil tilgje  
<sup>19</sup> kvar ein som av heile sitt hjarta har  
vendt seg til å søkja Gud Herren, sine  
fedrars Gud, endå om han ikkje er rein  
slik som heilagdomen krev det. <sup>20</sup> Og  
Herren høyrde bønna frå Hiskia og lækte  
folket».*

## Resultatet:

-----

*2.Krøn 30:26 «Det var stor glede i Jerusalem, for sidan dagane åt Israelskongen Salomo, son til David, hadde det ikkje hendt noko slikt i Jerusalem».*